



GLYTTE

Ting byrjar å ta form!



Kransen kom opp i samband med kranslaget 15. januar



KJEMPEOPPSLUTNING PÅ JULE- MIDDAG FOR UNGDOM

-Sjå side 3

TID FOR VINTERLEIRAR

- sjå baksida for informasjon!!



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

Utbygginga går sin gang

Denne hausten har det vore «unntakstilstand» på Lyngmo. «Tilstanden» er meint å vare fram til midten av mai, når det nye bygget skal overleverast frå Vestlandshus og takast i bruk. Det har vore spanande å følgje med på utgraving, betongarbeid og reising av det nye bygget. Etter ein treg start er arbeidet nokolunde i rute til jul; Bygget har fått takstolar og tett tak på plass. Veggjar og vindauge er også komne på plass. Tett tak til jul var viktig slik at byggørkane kunne setjast opp før arbeidsfolka tok ein velfortent juleferie! Det er kjekt å sjå at bygget tek form etter mange år med planlegging!

Det meste av bygningsarbeidet skal utførast av Vestlandhus Sogn. Men, når snøen smeltar til våren er det mykje arbeid som ventar utvendig, der me skal stelle til uteområdet og gjere klart for ein ny sommarsesong. Me håpar at mange tek utfordringa etter kvart som arbeidet skal ferdigstillast – også på utsida av bygget.

Gjensidigestiftelsen

I samband med julemiddagen 4. desember fekk me ei gledeleg overrasking og førjulsgåve. Gjestene var ferdige med middagsbuffeten og venta på at dessertbordet skulle bli presentert då Gjensidigestiftelsen sin representant, Morten Røyrvik, tok ordet. Han fortalte at Lyngmo skal tildelast 136.450,- som skal nyttast til aktivitetsutstyr i den nye aktivitetshallen på Lyngmo. Me nyttar høvet til å takke Gjensidigestiftelsen for den flotte gåva og me gler oss til å fylle hallen vår med aktivitetsutstyr!



Endring i staben

Randi Nes, busett på Veitastrond, har vore tilsett på Lyngmo sidan august 2008. Det vil seie at ho har vore ein del av staben vår i over 7 år. Før det var ho også mykje med på dugnadsarbeid på kjøkkenet. Randi har vore flink på kjøkkenet og har laga mykje god mat for oss. Ho har synt eit stort engasjement for leirborna og for leirarbeidet på leirstaden vår. Tusen takk Randi for innsatsen din på Lyngmo!! Me i staben sender også ein takk til Johannes som har køyrt deg til og frå Veitastrond og han har såleis gjort det mogleg for deg å ha jobben på Lyngmo!

I byrjinga av desember lukkast styret med å skaffe Randi sin etterføljar. Anne Grethe Drevdal Tverberg er tilsett i 40 % stilling frå 1. januar 2016. Me gler oss til å verta meir kjende og til å samarbeide med deg! Velkommen til Team Lyngmo!

Leirarbeidet

I byggefasen kan det vera lett for å gløyme å nemne den viktigaste delen av arbeidet vårt, nemlig leirarbeidet. Denne delen av arbeidet vårt vert drive som normalt (med unntak av litt redusert kapasitet), også i byggeperioden. Me gler oss over kvar enkelt som kjem på leir og som får oppleve leirlivets spenningar og gleder! I februar startar ein ny leirperiode med vinterleirar for born og ungdom. Når me kjem til påske er det to familieleirar som begge er nesten fullteikna allereie før jul. Det er inspirerende at mange er interesserte i å koma på leir. Undersøkingar syner at å reise på leir er viktig for born og unge sitt trus-standpunkt. Hjelp oss gjerne med å oppmuntre born og unge til å reise på leir. Av og til kan det vera vanskeleg å vite kva ein skal kjøpe i gåver til familie og vener. Då kan gåvekort på leir vera eit fint alternativ til dei «som har alt». Eller det kan også vera eit alternativ til dei som ikkje har så god økonomi. Og... Gåvekorta er ikkje berre for born og unge. Gåvekorta kan også nyttast på familieleir, dame-weekend eller Vi over 60, så dette er eit gåvetips til alle!

Gåvegiro

Økonomien er utfordrande i samband med det store byggeprosjektet. Vær gjerne med å gje di gåve til arbeidet på Lyngmo ved å nytte gåvegiroen (kto 3000.32.79150)! Det er også mogleg å få skattefrådrag på gåvene. Då må du ta kontakt med Kjetil før du sender gåva di.

Julemiddag for ungdom

Laurdag 19. Desember 2015 var Lyngmo igjen fylt med glade og flotte ungdommar, då det var tid for den årlege julemiddagen for dei i alderen 13 år og oppover. Dette vart ein innholdsrik kveld med mykje kjekk underhaldning, god mat og flott samvær. Kvelden vart leda av konferansierane Ole Øyvind Salte og Olav Sørheim. Dei song, spelte gitar, fanga publikum og fekk alle til å le. Det vart servert både svineribbe og pinnekjøtt med alt som høyrer til. Folk åt og kosa seg med fantastisk mat og flott underhaldning. Til dessert vart det servert is med varm sjokoladesaus og seinare på kvelden fekk me kaker og kaffi. Utover kvelden fekk me høyra herrenes tale frå Mari Abegail Leirdal og damenes tale frå

Eivind Stevling Torstad. Dei hadde begge gode poeng og fekk opp stemninga hjå publikum. Kwart år er det også ein liten andakt i løpet av kvelden og i år var det Andreas Danbolt som stod for den. Stemninga var på topp under heile julemiddagen og eg snakkar ikkje berre for meg sjølv når eg seier at dette var ein flott kveld!
-Kaia Selseng



Nærare 80 personar møtte opp på julemiddagen!

Knøttekoret og Torsdagsklubben

- born og vaksne kosar seg saman!



Born og vaksne syng saman på Knøttekoret


**Datoar for
Knøttekoret og
Torsdagsklubben:**

28. januar
11. februar
25. februar
10. mars
7. april
21. april
12. mai (avslutning)

Knøttekoret og Torsdagsklubben byrjar kl 17:30 og avsluttast med felles kveldsmat.

Knøttekoret er for born mellom 0 og 6 år, saman med mamma, pappa, bestemor eller bestefar. Veldig koselig samling, med song, rytmeinstrument, leik og kos.

Torsdagsklubben er ein aktivitetssklubb for 1.– 4. klasse. Det er andakt, song, musikkvideoar, wii, leik, konkurransar og loddrekning.



Konfirmant i 2016/17?

Lyngmo har store og gode lokale til selskap. Me kan servere tre-retters middag, kaldtbord (jerne inkludert varmrett) og snittar med meir! Me har nokre ledige plassar for 2016/2017. Elles er det bestillingar fleire år fram i tid når det kjem til konfirmasjonsselskap, så vær tidleg ute!





3 jenter som budde på same rom under songleiren i november 2015.

Namn, alder og kjem frå:

Anna Fimreite Er 10 år og kjem frå Sogndalsdalen

Elin Hodlekve Er 8 år og kjem Sogndal

Sunniva Westermoen Er 8 år og kjem frå Frekhaug.

Er de ofte på leir? Me kjem så ofte me kan. Sunniva bur på Frekhaug så ho kjem ikkje så ofte.

Kva er kjekt på leir? Me tykkjer det er moro å vera ute, ha leirkveld også er det spennande å høyre om Jesus. På denne songleiren laga me ein eigen-komponert klappleik om Lyngmo, Jesus og dei to som var dirigentar.

Kva minner har de frå leir? At me får oss nye venner. Slik som at me no er blitt kjent med Sunniva frå Frekhaug. Også at me syng på songar me har lært på leir.

Dette skjer på Lyngmo:

FEBRUAR 2016

- 4. Småbarnstreff
- 5. - 7. Leir 7-10 kl
- 11. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 12 - 15. Leir for 4-7 klasse
- 25. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 26. - 28. Dameleir

MARS 2016

- 3. Småbarnstreff
- 10. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 11-13. 2-4kl.leir

- 17. Småbarnstreff
- 18.-21. Påskeleir Lyngmo
- 23-27. Påskeleir NLM
- 31. Småbarnstreff

APRIL 2016

- 1. Vårbasar
- 3. Barnas supersøndag
- 7. Knøttekor og T.klubb
- 8-10. Leir for 16:30år
- 14. Småbarnstreff
- 15-17. Årsmøte Normisjon
- 21. Knøttekor og T.klubb
- 22.-24. Ordet og Israel
- 28. Småbarnstreff

MAI 2016

- 12. Avslutn.knøttekor og torsd.klubb
- 16. Ungdomsarrangement
- 19. småbarnstreff
- 30.-2. juni. vi over 60 leir

JUNI 2016

- 2. småbarnstreff
- 3.-5. årsmøtehelg SFI
- 10.-12. 2-4kl.leir
- 16. Småbarnstreff
- 17.-20. Leir 4-7kl.
- 26.-3.juli - Bibelsommer i vest

Vårbasar på Lyngmo 1. april

Inviter med deg born, slekt, venner og andre!
Vårbasar på Lyngmo 1. april kl 19.00
Hovudlotteri og åretrekkingar, flotte gevinstar og god mat.

Minnegåve

Tusen takk for gåva som vart gitt i samband med gravferda til Magne Nyheim

Catering

No kan du bestille catering frå Lyngmo. Me leverer blant anna til selskap, minnesamvær, konfirmasjon og dåp.

Me leverer middag, kaldtbord (med eller utan varmrett), dessert og snittar.

Ta kontakt for tilbud og prisar!



Songleir 2015



33 sangglade deltakarar på leir! :)

Familien Westermoen kom også i år frå Frekhaug utanfor Bergen til Lyngmo for å leia songleiren. Me hadde ulike songar skriva av Bjarte Leithaug og noko frå søndagskulen Sprell. Deltakarane kom frå Balestrand, Sogndal, Kaupanger, Hafslo, Indre Hafslo, Luster og Skjolden/Fortun. Vi hadde korøvinger, leik ute, masse god mat og koselige godnatt samlingar. Borna likte seg veldig godt. Søndagen var det konsert for familie og venner.



Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo

Telefon: 57684366
E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

VINTER-

2016

LEIRAR!

LYNGMO
UNGDOMSSENTER

5. - 7. FEBRUAR:
VINTERLEIR,
7. - 10. KLASSE.
PRIS: KR. 685,-

12. - 15. FEBRUAR:
VINTERLEIR,
4. - 7. KLASSE.
PRIS: KR. 755,-

11. - 13. MARS:
VINTERLEIR,
2. - 4. KLASSE.
PRIS: KR. 520,-

Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne løysingar for sponing i slike saker.

